

## Til Alver kommune

### p.b. 4

#### 5906 Frekhaug.

Vedk. Oppretting av grunneigedom gnr. 355 bnr. 4 Skjelanger , Alver kommune.

Søknad frå Kåre Skjelanger om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av bustadtomt.

Merknad til Fylkesmannen sin uttale i dispensasjonssaka i brev frå Fylkesmannen 15.12.2020. Fylkesmannen ref: 2020/17885.

I Fylkesmannen si vurdering 3. avsnitt står det at omsøkt tomt ligg på samanhengande innmarksbeite og at dyrka jord vert omdisponert.

Ein reknar med at Fylkesmannen si vurdering har grunnlag i gardskartet for denne eignedomen. Gardskartet syner innmarksbeite, men ikkje dyrka jord.

Kartet er grovmaske og syner ikkje i detalj boniteten for området. Der tomte er planlagd er det ein fjellformasjon med fjell og store steinar i dagen samstundes som det ligg på eit høgdedrag som er vanskeleg tilgjengeleg. Innimellom steinane kan ein nok finne nokre kvadratmeter gras som villsauer kan nytte seg av. Men samla sett har eit område på om lag 1000 kvm. med denne boniteten ingen produksjonsverdi som svekkar forgrunnlaget for bruket i høve til bruket sitt samla areal.

Vidare peikar Fylkesmannen på at ei bustadtomt her vil vera til drifts-og miljømessige ulemper. Dette må vera rein synsing frå Fylkesmannen si side. Ser ein objektivt på dette vil ein bustad som ligg på et i høgde om lag 25m over og om lag 100m frå våningshuset og der tilkomsten til bustaden vil gå i motsett retning av der tunet ligg gi svært få om ingen miljømessige eller driftsmessige ulemper.

I sitt 4 avsnitt peikar Fylkesmannen på at det er avsett bustadområdet for spreidd bustader i nærleiken. Nærleiken her er i Husebø/Sætrekryssområdet som ligg fleire km. frå omsøkt tomt. Slik plassering har ingen hensikt for søkjar då hovudhensikta med omsøkt plassering er å kunne hjelpe til med tilsyn/avlasting for si dotter med familie som er kommande generasjon og som nå skal overta bruket.

I Kommuneplanen sin arealdel er spreidd busetnad vurdert i området. Omsøkt tomt var ikkje med i vurderinga. Dersom ein skal oppretthalda busetnaden i dette området må spreidd busetnad kombinerast med jordbrukseigedomar som er i drift slik at neste generasjon kan overta bruka med hjelp av avtroppande generasjon. Dersom denne vekselverknaden ikkje skjer, vil komande generasjon måtta leggja ned jordbruksdrift med husdyrhald då generasjonane er heilt avhengig av kvarandre for vidare drifting. Derfor må plasseringa av slike nye bustader i slike områder som Skjelanger plasserast tett inntil bruka.

Det er ingen etterspørsel etter bustader som ikkje har tilknytning til eksisterande bruk og til dei som bur der. Dette har ikkje Kommuneplanen tatt omsyn til og derfor får ein ingen ny busetnad i dette området. Området vil derfor over tid bli avfolka.

Eg meiner at Fylkesmannen si vurdering om ikkje å gi dispensasjon er ei feil vurdering.

Å gi dispensasjon her har ingen arealmessige negative sider. Landbruksareal vil bli svært lite råka. Driftsmessige ulemper kan ikkje påvisast. Å gi ein dispensasjon vanskeleggjer ikkje styring etter kommuneplanen. Ein dispensasjon skal jo ta særlege omsyn som kommuneplanen ikkje fangar opp. Dersom det ikkje var omsynet, vil grunnlag for all dispensasjon falle bort.

Fordelene ved å gi dispensasjon her er, at bustaden for omsøkt tomt, er bustad for nåverande eigar av bruket. Han ynskjer at neste generasjon som nå vil overta, skal få hjelp og støtte i drifta av bruket slik at driftinga av bruket kan halda fram om lag som nå. Dei som overtar bruket har fulltidsjobbar utanfor bruket og har derfor ikkje høve til slik drifting. Dersom ein ikkje får til dette vil drifting av bruket bli lagd ned og jordbruksarealet vil over tid gro igjen. Det er dette som skjer mange stader i landbruksområder der generasjonane ikkje overlappar kvarandre .

Eg meiner difor at føremonen ved å gi dispensasjon er vesentleg større enn ulempene som ein slik dispensasjon vil gi. Vilkåra for å gi dispensasjon i samsvar med Plan-og bygningslova sitt regelverk er derfor fullt ut stetta.

Eg ber om at kommunen tar med synspunkta når dispensasjon nå skal vurderast.

Skjelanger 10.01. 2021

Etter fullmakt frå

Kåre og Mette Skjelanger.

Mvh.

Jens H. N. Bjordal. Ansv. Søkjar.